

Serviceerklæring SFO

Hildre Montessoriskule SA

Opningstider for skuleåret 2025/2026 er planlagt slik:

Vekedag	Oppstart	Avslutning
Måndag	07.00	16.15
Tysdag	07.00	16.15
Onsdag	07.00	16.15
Torsdag	07.00	16.15
Fredag	07.00	16.15

SFO følger skuleruta.

Oppseiingsfristen er to månader, rekna frå den 1. i kvar månad. Når ein har takka ja til plass i SFO, gjeld reglane for oppseiingstid og betaling. Plassen kan ikkje seiast opp seinare enn 1. mars, med verknad frå 1. mai. Oppseiing/ending skal sendast skriftleg til skulen.

SFO-betaling etterskotsvis pr månad hausten 2025 (i 11 mnd. f.o.m. 1. aug. t.o.m. 1. jul):

ALLE betaler same sats: Kr 2.395 per mnd (1.-3. trinnselevar får 12 timar gratis)

For kjøp av enkeltdagar for dei som ikkje har plass i SFO: 250 kr pr time.

Personalet ved SFO: Andrea Rogne (SFO-leiar), Ida Sævrøy Reiten, Nikolai Sårheim, Monica Otterlei, Audun Otterlei og Tone Sønnerland

Mobilnummer til SFO: 90265042

Telefonnummer skule: 91191334 (Steffen) / 90291342 (Erin)

Mål og innhald.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna.

Aktuelle aktivitetar kan vere:

- leik
- nærmiljø
- arbeidsoppgåver
- estetiske aktivitetar
- vaksenstyrte aktivitetar
- frie aktivitetar

Dagsrytme/rutinar (tidspunkt for måndag og fredag i parentes):

07.00:	Alle kjem til SFO og blir registrert. Leik/ faste aktivitetar inne. Frukost til 07.45.
08.00:	Alle går ut - skulen si vaktordning tek over
08.30:	Undervisning startar
14:30 (12.00):	Skulen si vaktordning fram til bussane kjem
15.00 (12.15):	Registrering til SFO
15.00:	Måltid
Etter mat:	Ute eller inne, etter ver og kva ungane har lyst til å gjere Tilbod om å gjere lekser.
16.15:	SFO stenger for dagen

Foreldresamarbeid:

Foreldremøte på hausten
Kontaktbok
Kontakt ved behov

Kva SFO forventar av foreldra:

- at de vil samarbeide med oss slik at barnet trivst i SFO
- at de aktivt søker informasjon og held dykk orientert om det som skjer i SFO
- at de set dykk inn i rutinar og reglar for SFO
- at de utrustar borna med høvelege klede og utstyr for ulike aktivitetar
- at de gir melding så tidleg som mogeleg når barnet er sjukt eller har fri frå SFO
- at de respekterer opningstida i SFO
- at de gir **tilbakemelding** om kva de er nøgde med og kva de ønskjer skal bli betre.
- at de respekterer tilsette si teieplik

Kva foreldra kan forventa av SFO:

- at vi vil møte barn og foreldre med respekt og interesse
- at vi legg vekt på leik, glede og trivsel
- at vi er på plass i opningstida
- at vi er opne for gode idear
- at vi gir klare meldingar heim om endringar, turar osv
- at vi overheld teieplikta

Vi tilbyr også matservering morgon og ettermiddag for kr. 200 per person er månad. Dette tilbodet er sjølvsagt frivillig.